



Andreas Eikhaug Valklev  
Mulevegen 3b  
5947 Fedje

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 23/15 - 23/5466

Saksbehandlar:  
Bjarte Villanger  
bjarte.villanger@fedje.kommune.no

Dato:  
16.11.2023

## Svar på søknad om einskildhøve skjenkeløyve 29.12.2023

Administrativt vedtak. Saknr: 043/23

### Saksutgreiing:

Me syner til søknad motteke 08.11.2023

Med heimel i alkohollova, og etter delegert fullmakt fatta av kommunestyret i sak 069/20, vert det gjeve einskildhøve skjenkeløyve til Fedje idrettslag.

Løyvehavar er Fedje idrettslag

Styrrar for løyvet er Andreas Valklev.

Avløysar for løyvet er Martin Karlsen.

Skjenketida for alkohol i gruppe I,II, og III er sett frå klokka 1600 til klokka 0200.

Utskjenka alkohol skal vera konsumert innan ein halvtime etter at skjenketida er slutt.

Løyvet gjeld «innomhus» i Fedje fleirbrukshall sine lokale.

Utskjenka alkohol skal ikkje takast med ut av Fedje fleirbrukshall sine lokale.

Løyvehavar og styrrar for løyvet pliktar å sjå til at reglane i alkohollova og forskrifta til alkohollova vert fylgde

Aldersgrense for løyvet er sett til 18 år.

Søknaden har vore til uttale hjå politiet, politiet har ingen merknadar til søknaden.

Det skal vera tilgang av alkoholfri drikke.

Gebyr: 800,-kr.

### Vedtak

Fedje idrettslag får einskildhøve skjenkeløyve for alkoholgruppe I,II, og III,

Fedje idrettslag har skjenkeløyve frå klokka 1600 29.12.2023 til klokka 0200 30.12.2023.

Styrrar for løyve er Andreas Valklev.

Avløysar for løyve er Martin Karlsen.

Med helsing

Bjarte Villanger  
Økonomisjef

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Andreas Eikhaug Valklev  
Fedje Idrettslag

Mulevegen 3b 5947  
v/ Kristine Rosnes 5947  
Stormarkvegen  
164

Martin Karlsen

Fedjemarka 22 5947

Fedje  
Fedje

Fedje